

di meining

■ Firdaposten tar gjerne imot brev frå lesarane. Redaksjonen kan forkorte innlegg som er for lange. Alle innlegg skal vere underteikna med fullt namn. Vi ser helst at du sender innlegg via e-post til redaksjon@firdaposten.no

Svar til Halvor Halvorsen

BENTE FRØYEN STEINDAL
Ordførar Flora kommune

Viser til avisinnlegg laurdag 18.06.11.

Halvor Halvorsen stiller her ein del spørsmål.

Dei fleste spørsmåla som vert stilte har ikkje noko med om vi er i Robek eller ikkje å gjere, det har med prioritering. Det vert ikkje meir pengar til drifta i Flora kommune om vi ikkje er i Robek, det reknar eg med at Halvor Halvorsen og skjønar då eg forstår det slik at han meiner å ha god kompetanse når det gjeld økonomi.

Det handlar heile tida om prioritering. Det er investeringane vi må ha godkjende frå Fylkesmannen, her treng vi betre kontroll, noko mitt parti og Halvorsen sitt parti er samde om. Særskilt har Halvorsen sitt parti, Venstre, peika på at vi har investert for mykje. I den samanheng har dei rett i at Høgre og Arbeidarpartiet har stått i lag når det gjeld dei store investeringane. I bystyret 14. juni var vi i samarbeidspartia samde om å gå for rådmannen sitt forslag til revidert budsjett som vart vedteke i formannskapet med ei endring. Endringa var at vi skar ned på utgiftene til politisk arbeid i staden for å ta midlar frå det kommunale kjøkenet. Budsjettet var lagt fram på ein god og forståelig måte av gruppeleiarer i Venstre, Jan Henrik Nygård. Det har diverre vorte slik i Flora-politikken den siste tida at nokon er meir opptekne av å komme med kritikk enn å komme med løysingar.

I motsetnad til diverse andre så meiner eg at vi når lengst med å samarbeide. Mitt mål er å fortsette arbeidet med å få til ting i kommunen, og det meiner eg vi har lukkast med. Ja, vi har investert mykje og har ei høg lånegjeld, men det har òg skjedd mykje positivt. Samarbeid er viktig både her lokalt, med fylket og sentralt. Seinast torsdag 9. juni hadde eg eit møte med næringsavdelinga på fylket som tok turen hit.

Der tok eg opp problemstillingar som er viktige for vår kommune. Eg har følgd opp sakene, og seinast i dag har det kome tilbakemelding frå fylket. Denne informasjonen har eg som vanleg sendt ut til alle parti i Flora ved gruppeleiarane Mellom anna så ser det ut til at vi gjennom godt samarbeid og dialog kan få tilført midlar gjennom det kommunale næringsfondet som fylket deler ut. Andre saker som eg tok opp var: innseinglinga til Florø, kaia på Botnastranda, oppdrettsaktivitet og uttelling i høve konsesjonsfond for oppdrett, kystsonenplanen, byggj forfall, tilskotsordningar, osv.

Som ordførar har eg lagt vekt på at eg er ordførar for alle og at alle skal komme med sine meiningar og innspel. Eg prioriterer samspel og samarbeid med næringsliv og offentlege instansar både lokalt, regionalt og sentralt som er til det beste for kommunen vår.



SØRSTRAND: - Sørstrand Folkepark har moglegheit til å få vurdert om deira utgifter til arkeologiske undersøkingar er så sjå på som urimeleg tyngjande. Fylkeskommunen har bedt Riksantikvaren om å gjere ei slik vurdering, skriv Eva Moberg hos kulturavdelinga til fylkeskommunen.

Arkeologiske undersøkingar og dekking av utgifter for ein tiltakshavar

EVA MOBERG
Fagkoordinator, kulturavdelinga i fylkeskommunen

Kulturavdelinga i fylkeskommunen ser at det er mistydingar rundt dekking av utgifter til arkeologiske undersøkingar, og vil klargjere dette. Det er viktig å avlive myten om at det kan koste ein dyrt å innrapportere nye funn. Ein vert ikkje pålagt å dekke utgifter til arkeologiske undersøkingar dersom ein gjer funn på eigedomen sin. Dette er det staten som dekkjer.

I debattinnlegg i lokalavisene nyleg skriv Bjørn Hollevik og Jacob Nødseth om Sogn og Fjordane Høgre sitt prinsipielle standpunkt knytt til dekking av utgifter til arkeologiske undersøkingar. Dei nyttar Sørstrand Folkepark i Florø som døme. Her er det behov for presiseringar når det gjeld reglane knytt til dekking av utgifter når desse vert urimeleg tyngjande for ein tiltakshavar.

Ved mindre, private tiltak skal staten dekke utgiftene, heilt eller delvis, dersom desse er urimeleg tyngjande for tiltakshavar. Hovudregelen etter lov om kulturminne er at tiltakshavar skal dekke utgifter til naudsynte arkeologiske granskingar når eit tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Bakgrunnen for dette er eit overordna prinsipp om at den som forbruker ein ikkje-fornybar miljøressurs skal betale for at kjelderden vert sikra for framtida. Dette gjeld både for offentlege og private tiltak. Døme på mindre, private tiltak kan vere bygging av bustad, fritidshus, garasje, tilbygg, grøftingsarbeid m.m. Frå fylket

vårt har vi fleire døme på at staten har dekt utgiftene heilt eller delvis når desse har blitt urimeleg tyngjande for ein mindre, privat tiltakshavar.

Sørstrand Folkepark i Flora er ein frivillig organisasjon. Tiltak dei set i verk er å rekne som private så sant dei ikkje vert finansierte gjennom offentlege tilskot. Når det gjeld tiltaket som no er under planlegging, opparbeiding av parkanlegg, er det å rekne som eit større, privat tiltak (områderegulering), og det fell dermed ikkje naturleg inn under tilskotsordninga for mindre, private tiltak. Sørstrand Folkepark har likevel moglegheit til å få vurdert om deira utgifter til arkeologiske undersøkingar er så sjå på som urimeleg tyngjande. Fylkeskommunen har bedt Riksantikvaren om å gjere ei slik vurdering.

Har reddet fem millioner barneliv

DAG OLE TEIGEN
Storingsrepresentant (Ap)

Hva er det viktigste vi har gjort i norsk politikk de siste ti årene? Noen peker kanskje på klimaforliket eller delelinjeavtalen, andre peker på pensjonsreformen eller finanskrisehåndteringen, eller på arbeidet som er i gang for å gjøre full sykehjemsdekning til virkelighet. Selv rangerer jeg alle disse temaene blant «ti på topp». Men for meg står norske myndigheters støtte til vaksiner av verdens barn som det aller viktigste. Dette har reddet hundretusener av menneskeliv, skapt utvikling og framtidshåp. Derfor er det gledelig at statsministeren nylig varslet at Norge vil doble støtten fram mot 2015.

Vaksinealliansen GAVI ble etablert i år 2000. Siden da har GAVI

sørget for at 250 millioner barn er vaksinert mot viktige barnesykdommer. Sykdommer som er nesten ufarlige i rike land – fordi vi er vaksinert – men som tar millioner av barneliv i Asia, Afrika og Latin-Amerika. Av de 250 millioner vaksinerte barna ville rundt fem millioner mistet livet i sine tidlige barneår hvis de stod uten vaksiner. Mer enn hvert fjerde dødsfall blant barn under fem år skyldes sykdommer som vaksiner kunne forhindre.

Vaksiner har gitt et voldsomt framskritt – et syvmilssteg – for helse og utvikling. Betydningen GAVI har for å øke vaksinasjonsdekningen og nå FN's tusenårs mål er bredt anerkjent. Organisasjonen er et lysende eksempel på effektiv bistand. En uavhengig britisk undersøkelse rangerte GAVI på topp som den mest effektive internasjonale bistandsorganisasjonen målt etter resultater.

GAVI-alliansen støttes av blant andre over 70 land, Bill & Melinda Gates Foundation, UNICEF, WHO og Verdensbanken. Bill Gates, Storbritannia og Norge er blant de største bidragsyterne. I 2006 økte Norge støtte til 500 millioner. Norge har til nå finansiert rundt ti prosent av GAVI-støtten. Det betyr at vi har bidratt til å redde livet til en halv million barn. Det er fantastisk! Nye vaksiner mot lungebetennelse og diaré kan redde 1,3 millioner nye liv. Under GAVI's nylige London-konferanse varslet statsminister Jens Stoltenberg at Norge vil doble støtten fram mot 2015. Det er jeg veldig glad for. David Cameron, Bill Gates og mange andre lovte også økt støtte.

Dette er samarbeid over landegrensene på sitt beste. Flere barn vil få sjansen til å vokse opp, i kjølvannet kommer vekst, utvikling og framtidstro, og utvikling skaper fred og stabilitet. På den

måten utjevnes forskjellene i verden. Verden kan bli gradvis litt bedre og litt mer rettferdig.

Kulturkort for ungdom må prioriterast høgt!

KARIANNE TORVANGER
Fylkestingsmedlem for Sogn og Fjordane Ap

Frå 2014 vil fylkeskommunen oppleve kraftig nedgang i inntektene, det er difor naudsynt å stabilisere og på sikt redusere driftskostnadane. Dette arbeidet er no i gang i dei forskjellige utvala.

Fylkesrådmannen har lagt fram eit notat som gir ei oversikt over kva som er utfordringane, samtidig som det er lagt fram forslag til kva tiltak skal prioriterast høgt og kva som skal prioriterast lågt som moglege innsparingstiltak.

Kulturkort for ungdom er eit tiltak som har hamvna på lista over moglege innsparingstiltak!

Fylkestinget vedtok innføring av kulturkort for ungdom i desember 2010. Det har til no vore ein runde med tildeling av tilskot, og neste runde no har søknadsfrist 1. september. Vi har også vedteke at denne ordninga skal evaluerast etter 3 år.

Det er difor merkeleg at fylkesrådmannen no set opp denne ordninga som eit mulig innsparingstiltak og eit tiltak som skal prioriterast lågt i budsjett for 2012 og økonomiplan for perioden FØR desse 3 åra har gått!

Dette er grunngeve med at det er ei ny ordning som førebels ikkje er fullt ut innarbeidd og at utfordringa ligg i å finne ei innretning som gir forventa resultat.

Det er nettopp difor Ap meiner at dette er eit tiltak som må prioriterast høgt, så ein faktisk kan få til ei god ordning som skal tene hensikta si. Nemleg at ungdom skal få billigare tilgang til eit breitt kulturtilbod.

Folkeavstemning?

STIG ØDEGAARD
NKP Midt-Norge

Tør de såkalte ansvarlige myndigheter få i gang en folkeavstemning om Norge skal kjøpe amerikanske kampply til en hitil ukjent gigantpris?

Normale mennesker lurer jo på hvorfor det finnes penger til slikt krigsleketøy når det ikke finnes penger til eldreomsorg, sykehus, skoler, veier, jernbane, osv.

I forbindelse med dette flykjøpet har andre land blitt betenkt, men Norge kjører på som om vi er helt uforstandige og bevisstløse.

Norge har jo ikke bruk for disse flyene, det er bare for å tilfredsstille USA og NATO.

Norge vil tydeligvis ikke gi seg med å være med i NATO-banden sine krigshandlinger verden rundt, ødeleggelse og drap på sivile.

Nei, la det norske folk bestemme, få en folkeavstemning om denne krigskapen.